



Statsråden

Stortingets President
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
26/1444-

Dato
22. april 2026

**Svar på spørsmål nr. 2199 til skriftlig besvarelse fra
stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar
Nygård**

Spørsmål

Kan samferdselsministeren leggje fram ei grundig og detaljert synleggjering av pengebruken på planlegging av ferjefri E-39 i Møre og Romsdal dei 12 siste åra, fordelt pr prosjekt, synleggjort i detalj som syner i realiteten kva pengane har gått til, ikkje i større "sekkepostar" men i detalj?


Svar:

Sidan 2013 er det brukt om lag 1 216 mill. kroner i løypande prisar på planlegging og utvikling av prosjekt som ville ha inngått i ferjefri E39 i Møre og Romsdal. Fjordkryssingane over Sulafjorden, Vartdalsfjorden og Halsafjorden er ikkje ordinære planprosjekt etter plan- og bygningslova, men forprosjekt som har omfatta utgreiingar av nye fjordkryssingar og val av bruløysingar. Dette er teknologiske utviklingsprosjekt der ein måler vind, straum og bølger for å undersøkje om prosjekta let seg realisere.

Nedanfor følgjer ein tabell som viser forbruk per prosjekt i løypande mill. kr sidan 2013, fordelt på ulike utgifter:

Planprosjekter	Kommunedel- plan	Regulerings- plan	Prosjektering, forberedende arbeider	Grunn- undersøkelser	Grunnerverv	KS2 kostnad	Utreddninger knyttet til ny teknologi	Sum totalt
E39 Ålesund–Ørskogfjellet	29,2			8,4	3,7			41,3
E39 Ørskogfjellet–Vik		17,2			0,5			17,7
E39 Vik–Julbøen		15,8		199,0	2,8		49,6	267,2
E39 Julbøen–Molde	18,6	13,7			0,02			32,3
Fjordkrysningene								
Sulafjorden				91,2	0,5		385,3	477,0
Vartdalfjorden				38,3	0,02		40,2	78,6
Halsafjorden				35,1	0,4		143,5	179,0
Byggeprosjekter								
E39 Vik–Molde			80,6		35,5	4,0	2,4	122,4
Sum løpende kr	47,8	46,7	80,6	372,1	43,4	4,0	621,0	1 215,5

Med helsing

A handwritten signature in black ink, reading "Jon-Ivar Nygård". The script is cursive and fluid, with the first name "Jon-Ivar" and the last name "Nygård" connected.

Jon-Ivar Nygård